

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
KOMMUNEPLANUTVALET	06.10.2021	011/21

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Inge Bjørdal	Arkiv: K2 - K00	Arkivsaknr 20/1476

Energi- og klimaplan for Stranda kommune med tiltaksplan til høyring

Rådmannen si tilråding:

- Framlegg til Energi og klimaplan (EKP) for Stranda kommune med tiltaksplan 2022-25 vert godkjent slik den ligg føre.
- Tiltaka skisserte i tiltaksplanen skal innarbeidast i budsjettet for 2022 og økonomiplanen 2023-2025.

06.10.2021 KOMMUNEPLANUTVALET

Framlegg under møtet

Omføreint framlegg

Nytt pkt. 1

Framlegg til Energi og klimaplan (EKP) for Stranda kommune med tiltaksplan 2022-25 vert lagt ut til offentleg høyring. Jfr. plan- og bygningslova § 11-4.

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KPU- 011/21 Vedtak:

1. Framlegg til Energi og klimaplan (EKP) for Stranda kommune med tiltaksplan 2022-25 vert lagt ut til offentleg høyring. Jfr. plan- og bygningslova § 11-4.
2. Tiltaka skisserte i tiltaksplanen skal innarbeidast i budsjettet for 2022 og økonomiplanen 2023-2025.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Tidlegare vedtak i saka:

- Vedtak MK-056/17 av 18.10.2017 og KPU-006/17 av 24.10.2017 om oppstart og å delta i felles rullering av EKP i regi av Sunnmøre Regionråd
- Vedtak KPU -011/18 av 02.07.2018 om godkjenning av planprogram.
- Offentleg høyring av planprogram av 31.07.2018-20.09.2018
- Vedtak PLA-091/18 av 31.10.2018 og KOM-105/18 av 14.11.2018 om endeleg godkjenning av planprogram
- Vedtak MK-0498/20 (29.10.20) om utarbeiding av Temanotat for klima- og energi.
- Vedtak KOM-029/21 (2.06.21) om etablering av klimabudsjett som lekk i arbeidet med EKP

Saksopplysningar

Arbeidet med Energi- og klimaplan for Stranda kommune har som ein ser av føregåande kapittel teke lang tid. Årsakene til dette er fleire:

- Nytt 'fagområde' – vegen er blitt til litt etterkvart
- Arbeidet er generelt låg prioritert frå kommunane si side, og Sunnmøre Regionråd (SR) har difor ikkje hatt den progresjonen ein hadde planlagt ved oppstart
- Fagleg utfordrande arbeid – verktøya ein har hatt behov for var ikkje på plass ved oppstart
- Omvegar – manglande datagrunnlag gjorde at ein først måtte gå ein omveg og etablere eit betre datagrunnlag for å kunne prioritere tiltak (*Temanotat for klima- og energi*), jf. vedtak MK-0498/20
- Stranda kommune valde å ikkje setje bort arbeidet med planen til konsulentar med den grunngeving at ein då ikkje ville få bygd opp kompetansen på området internt i organisasjonen. Dessutan har ein spart store ressursar ved å gjere arbeidet sjølv, men det har også gjort at prosessen har teke meir tid.

Trass i dette har Stranda (og Ørsta/Fjord) kommune kome langt i arbeidet, og lenger enn dei fleste andre kommunar i nettverket, sjølv om også Stranda ligg etter skjema.

Vurdering

Generelt

Arbeidgruppa har skrivne følgjande samandrag av planen:

«*Stranda sine hovudmål for klima og energi*

- *Innan 2025 skal klimagassutsleppa i Stranda være reduserte med minst 35 prosent samanlikna med 2019. Innan 2023 skal utsleppa vere reduserte med 10 prosent*
- *Stranda skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050 gjennom kraftig reduksjon av utsleppa og auka opptak av CO2.*
- *Stranda skal medverke til å oppnå det globale lågutsleppssamfunnet innan 2050*
- *Innan 2050 skal all /100 % energibruk i Stranda vere fossilfri eller avfallsbasert.»*

Dette skal altså vere utgangspunktet for vidare arbeid med reduksjon av klimagassutslepp i Stranda. Desse tala er baserte på og i samsvar med tiltaksplanen (vedlagt) som viser kva arbeidsgruppa meiner er aktuelle tiltak for perioden 2022-25.

Planen slik den no vert lagt fram er ein første versjon av den nye energi- og klimaplanen til Stranda kommune. Kommunen har fått utarbeidd ein EKP tidlegare (2009) i samarbeid med 12 andre Sunnmørs-kommunar i regi av Norconsult AS. Denne planen har diverre vore lite nytta.

Den nye planen er vedteken utarbeidd som ein **kommunedelplan**. Av det følgjer at planen skal rullerast for kvar kommuneplanperiode, og elles etter behov. Dette er eit viktig punkt for akkurat denne planen, fordi:

- Planen som no ligg føre er ein førstegenerasjonsplan
- Dei nasjonale målsetjingane for klimaarbeidet vert stadig endra

- Det skjer kontinuerleg teknologiske endringar som endrar føresetnadene for tiltaka
- Oppbygging av eit stendig betre kunnskaps- og erfaringsgrunnlag gjer at ein heile tida får betre/sikrere grunnlag for utrekningane vedtaka må byggje på
- At EKP og tilhøyrande tiltaksplan er under kontinuerleg drøfting vil vere med å halde oppe interessa og engasjement for dette arbeidet både i administrasjonen, blant politikarane og innbyggjarane
- Tiltak på energi- og klimaområdet krev som oftast økonomiske ressursar. Det er difor heilt naudsynt at EKP og spesielt tiltaksplanen vert drøfta årleg slik at ein er sikra budsjettdekning for dei tiltaka ein vil gjennomføre komande år.
- Det er særskilt viktig at klimabudsjettet vert integrert med kommunen sin handlings- og økonomiplan (HØP) for å sikre at styrande dokument for utarbeiding og oppfølging av kommunebudsjettet inkluderer føringar for:
 - at alle einingar i kommunen skal melde inn klimatiltak innanfor sine område
 - korleis og når tiltaksansvarlege skal rapportere på tiltak

Arbeidsgruppa meiner på bakgrunn av dette at det er mest tenleg å ikkje skissere tiltak lenger fram enn 2025 Tiltaksplanen er difor sett opp med intervallet 2022-25.

I dag finst det økonomisystem der utsleppsstatistikken kan genererast automatisk, t.d. *Framsikt* og der klimatiltaka vert integrerte i økonomiplanen direkte. Stranda kommune har eit økonomisystem der dette ikkje er mogleg, men bør vurdere utskifting fordi dette vil vere arbeidssparande på sikt.

Om energi- og klimaplanen

Utgangspunktet for energi og klimaplan (EKP) for Stranda er sett til 2019. Andre kommunar har valt 2016 som referanseår. Grunnen til dette er at det ikkje finst (god) statistikk for utsleppa frå transport på sjø før 2019 og at desse utsleppa representrerer ein vesentleg del av totalutsleppet i Stranda.

Alle grafar og tabellar henta frå Miljødirektoratet viser statistikk fram til og med 2019. Sidan talgrunnlaget for kvart år ikkje vert ferdigstilt før mot slutten av året, har ein diverre ikkje fått med 2020-tala ved framlegging av planen.

Om klimabudsjett

Klimabudsjettet skal vere eit styringsverktøy for kommunar og fylkeskommunar for å arbeide med konkrete tiltak for å ta ned klimautslepp.

Stranda kommune har lagt til grunn rettleiaren «*Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy*» som er utarbeidd av Oslo, Hamar og Trondheim, sjå

<https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/veileder-for-klimabudsjett/>

Noreg har meldt inn eit forsterka klimamål under Parisavtalen. Dette forsterka klimamålet er å redusere utsleppa med minst 50 prosent og opp mot 55 prosent samanlikna med 1990-nivå.

Fleire kommunar har vedteke endå meir ambisiøse klimamål. I arbeidet med å nå desse måla er klimabudsjett eit nyttig verktøy.

Klimabudsjettet presenterer tiltak for å redusere utslepp, kome med overslag over effekten av tiltaka og fordele ansvaret for gjennomføringa.

Statlege planretningslinjer (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing fastset at kommunen bør innarbeide tiltak og verkemiddel i den overordna planlegginga si for å redusere utslepp av klimagassar.

Klimaplanane til kommunen bør mellom anna:

- omfatte ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar, effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging
- inkludere tiltak og verkemiddel for reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging
- ha ei tydeleg ansvarsfordeling for oppfølging av energi- og klimaplanar.

I fleire kommunar – også i Stranda – har det å få samsvar mellom mål og handling vore utfordrande.

Klimautfordringa krev samhandling på tvers av sektorar - både innanfor og utanfor kommunen sin eigen organisasjon, og den krev òg at det blir brukt ressursar på nye område. I tillegg er tidshorisonten for klimatiltak kort. Dette gjer det vanskeleg å få til nødvendig gjennomslagskraft ved bruk av ein tradisjonell handlingsplan.

Eit klimabudsjett er eit forsøk på å løysa desse utfordringane ved å e mål og tiltak tettare saman i det viktigaste styringsdokumentet til kommunane; det økonomiske budsjettet til kommunane, ofte kalla handlings- og økonomiplan (heretter kalla HØP). Det er fleire likskapar mellom eit klimabudsjett og ein handlingsdel i ein klima- og energiplan. Styrken til klimabudsjettet er at det skal vere direkte integrert i kommunebudsjettet, og at det dermed blir følgt opp på lik line med andre budsjettkapittel i kommunen. Klimabudsjettet kan sjåast på som eit prosessverktøy inn i arbeidet til kommunen med klima- og energiplanlegging.

Gjennom klimabudsjettet får kommunen eit verktøy for å styre mot utsleppsmåla. Klimabudsjettet sikrar at kommunen set i verk og finansierer tiltak for å redusere utsleppa. Ansvar for oppfølging av tiltaka er tydeleg definert. Gjennom regelmessig rapportering på tiltaka, blir målte resultat og framdrift opp mot måla for utsleppsreduksjonar. Klimabudsjettet viser om tiltaka som er vedtekte er tilstrekkelege for å nå målet, eller om det er behov for styrkt innsats. Årleg oppdatering av klimabudsjettet gir moglegheit til å justere kursen. Klimabudsjettet er transparent og synleggjer ovanfor avgjerdstakarar og interessentar kva som er utfordringsbildet og korleis kommunen prioriterer innsatsen for å nå målet.

Om tiltaksplanen

Tiltaksplanen er **handlingsdelen** av kommunedelplanen. Den skal i første rekkje vere ein oversikt over dei åtgjerdene kommunen tenkjer å gjennomføre i perioden. Dette er såleis dss. PBL § 11-1 omtalar som handlingsdelen: «*Kommuneplanen skal ha en **handlingsdel** som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 14-2 bokstav a kan inngå i eller utgjøre handlingsdelen*».

Vi har valt å ta med ein del av dei litt større tiltaka som vi kjenner til i det private næringslivet, t.d. planane til Hofseth Aqua om elektrifisering av merdane i Storfjorden. Slike tiltak er då sette opp med null i kostnader fordi dei ikkje influerer på kommunebudsjettet, men med estimerte verdiar for reduksjonen i CO₂e. På denne måten får ein synleggjort at Stranda har vedteke at EKP skal omfatte heile det geografiske området Stranda kommune og dermed også det private næringslivet.

Arbeidsgruppa har sett det som viktig å få fram at arbeidet med å ta ned utsleppa er eit felles ansvar for kommune, næringsliv og innbyggjarar.

Når det gjeld utrekningane av tiltaka finst det i nokre tilfelle ferdige verktøy (rekneark) frå Miljødirektoratet si side som gir svar på effekten m.o.t. CO₂-utsleppa for bestemte tiltak, t.d. utskifting av fossile køyretøy med elektriske. Ein må likevel gjere ein del føresetnader for utrekninga (tal køyrde km, motorstorleik osv.). Men slike konkrete tiltak kan ein trass alt rekne seg fram til med relativt høg nøyaktigheit. Då er det verre med tiltak som er meir udefinerte/uspesifikke, anten fordi ein ikkje er komne langt nok i prosessen med tiltaket til å ha oversyn over klimaeffekten, eller fordi tiltaket er av ein slik karakter at ein uansett vil mangle sikre inputdata for kalkylen. Eit døme på førstnemnde er biogassprosjektet (L1) kommunen har sett i gang (KLIMASATS-tiltak). Her er ein p.t. i ein fase med kartlegging av råstoffgrunnlaget og vurdering av det økonomiske grunnlaget og realismen i å satse på etablering av eit slikt anlegg. Døme på sistnemnde kan vere tiltak L2 stell av skog der ein ikkje på førehand kan vite om kva interesse det er for tiltaket blant bøndene, kor store areal det er tale om m.m. Tiltaka sett opp i tiltaksplanen er klassifiserte i følgjande grupper:

- Gryteklart
- *Kan* gjennomførast i perioden 22-25
- Noko usikkert t.d. pga. kostnader
- Treng meir avklaringar, men *kan* vere mogleg å gjennomføre i perioden

· Usikkert pga. av manglande data for å rekne kostnader og/eller utsleppsreduksjon

Nokre tiltak omfattar prosjekt der kommunen har fått eller søkt om midlar til utgreiingsprosjekt (t.d. Klimasats eller skjønsmidlar) for å gjennomføre forprosjekt. I slike prosjekt er det alltid krav om ein viss eigeninnsats, og det er denne som er nytta som input i kolonnen for kostnader i tiltaksplanen. Fleire av desse er i startfasen og difor har ein ikkje data som kan setjast inn for reduserte utslepp. Som døme kan nemnast prosjekt R.4 (solenergi) der ein ikkje er komne i gang med prosjektet. Tiltak som dette *kan* gi store reduksjonar i utslepp og det er difor viktig å synleggjere dei i tiltaksplanen frå starten. Dette er også ein viktig grunn til at sakshandsamar og arbeidsgruppa har lagt inn ein føresetnad om årleg gjennomgang og oppdatering av tiltaksplanen slik at også utsleppsverknaden av tiltak som kjem i perioden vert med i totalrekneskapen etter kvart som prosjekta materialiserer seg.

Som det går fram at tiltaksplanen er det nokre få store bidragsytarar til utsleppsreduksjonen. Det viktigaste av desse er nullutsleppsvedtaket for verdsarvfjorden. Her er det lagt inn føresetnader om at ferjene i vårt sjøområde (Stranda – Liabygda og Hellesylt – Geiranger) vert nullutsleppsferjer i samsvar med vedtekne nasjonale føringar. Bak tala i dette tiltaket ligg det sjølv sagt ei rekkje føresetnader men som representerer det beste talgrunnlaget vi har hatt tilgang til (t.d. tal ferjeavgangar, drivstoff-forbruk m.m.). Det er viktig å vere merksam på at dei fleste kalkylane inneheld ein eller fleire faktorar ein berre må legge inn etter beste skjønn og at estimata difor inneheld usikkerheit. Men tiltaka som er kvantifiserte er av eit slikt omfang at ein trass i dette har funne det forsvarleg å setje inn tal sjølv om det er knytt usikkerheit til nøyaktigheita i materialet. Det viktigaste er å få fram storleiksorden på tiltaka og å sjå dei i forhold til kostnader slik at ein får prioritert dei etter eit kost-/nytteprinsipp.

Tiltaksplanen er bygd opp i form av eit rekneark (EXCEL). Føresetnadene for tala i kolonnane for kostnader og utslepp er lagde inn som kommentarar (raud trekant i øvre høgre hjørne). Om ein er interessert i å sjekke grunnlaget for tala, bør ein sjekke tilleggsopplysingane i desse cellene der det t.d. vert opplyst om kva kjeldemateriale som er nytta, korleis utrekningane er gjorde, om ev. usikkerheit i grunnlagsmaterialet osv.

Om referansebane

Ei referansebane med framskrivingar av utsleppa mot eit mållår gir moglegheit til å rekne seg fram til ein framtidig tiltakseffekt i ein gjennomføringsfase eller budsjettperiode. Ei referansebane består av historiske utslepp og eit overslag over korleis klimagassutsleppa kan utvikle seg *utan* tiltaka i klimabudsjettet. Framskrivninga i ei referansebane er med andre ord eit scenario for korleis utsleppa vil utvikle seg framover dersom *ikkje* fleire tiltak vert gjennomførte.

Å utarbeide ei slik referansebane er relativt krevjande. Fleire moglegheiter er vurderte, men lagde vekk anten på grunn av kostnader eller at ein ikkje ser at ein vil oppnå tilstrekkeleg sikkerheit for resultata til at dei kan brukast. Denne problematikken er meir omtala i sjølve planen.

Om forankring av planen og tiltaksplanen

Arbeidsgruppa som har vore i sving med EKP-dokumentet og tiltaksplanen har hatt brei representasjon:



STRANDA KOMMUNE

ARBEIDSGRUPPE - STRANDA



Tillegg:

- Rådmann
- Ordfører
- Økonomisjef
- Kommunalsjefar
- Hovudtillitsvald
- Einar Haram

Det som er gjort av utoverretta informasjonstiltak (høyringar, bygdemøte) vert ikkje nemnt her sidan dette har vore omtala i sakspapira tidlegare i prosessen. Trass i at det var ønskje og intensjon om ein breiast mogleg medverknad i planprosessen, kunne det sikkert vore lagt meir vekt på dette. Men med dei ressursane som er stilt til disposisjon for arbeidet har ein valt å prioritere arbeidet i gruppa. Arbeidsgruppa vil likevel peike på at det vidare i prosessen må leggjast større vekt på medverknad frå heile kommuneorganisasjonen. Dette er ikkje ein plan som berre gjeld eininga Plan/Næring/Teknisk, men heile Stranda kommune som organisasjonen.

Kopling til anna arbeid som gjeld energi og klima

Kommunen har delteke i prosessen Berekraftfylket Møre og Romsdal (U4SSC). Rapporten (vedlegg) viser korleis kommunen ligg an i høve til berekraftmåla til FN. Det kan vere nyttig å sjå tiltaka i EKP i samanheng med U4SSC-rapporten slik at tiltaka i størst mogleg grad støttar opp under dei områda der kommunen scorar dårleg i høve til berekraftmåla.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
09.09.2021	Kommunedelplan for klima og energi 20210909	310468
31.08.2021	Klimabudsjettveileder-rapportformat-mars2021	309833
31.08.2021	U4SSC - Snapshot - Stranda	309836
31.08.2021	Forventingsbrev Statsforvaltaren 2021	309844
04.10.2021	Tiltak klimabudsjett 2022_2025_20.09.2021	312255